



Delius måtte vera ein sprekk kar

**Kvinnherad kulturfestival vart avslutta i dag med Griegkonserten  
Eit venskap på Undarheim gard.  
Aktørane var Tore Kloster, Åsen Kvamme og Ingun Adland.  
Ved førebuinga til konserten kom Tore Kloster over interessann  
informasjon om den tysk- engelske komponisten Frederic Delius (1862 - 1934)**

Delius og Grieg var gode vener livet ut. Med sterk tilråding  
frå Grieg vart Delius komponist og ikkje industriherre.  
Edvard Grieg sa at Delius var 'norgesgal' og han var ofte på reise i Noreg.

Uventa var det likevel då Tore Kloster fann sikker informasjon om  
at komponisten hadde vore på Ulvanåso, rett nok ein dag  
med lågt skydekke og låta utsikt.  
Dette var artig informasjon for Kloster som sjølv har  
morslekta si frå Fjellandsbøle i Uskedalen.  
Delius måtte vera ein sprekk kar som la turen til Høgetinden for om lag 100 år sidan.

Delius har skrive ei rekkje verk med tilknytning til Noreg.  
Han har mellom anna laga musikken til tekstar av Bjørnson og Ibsen.  
På konserten i dag vart det framført verk av Edvard Grieg og Frederic Delius

Av Kristian Olav Bringedal